



Bergen og Omland Havnevesen

Postboks 6040

5892 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/7431 - 14/27919

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen

ftm@lindas.kommune.no

Dato:

15.12.2014

Vedtak - delegasjon av mynde - havne- og farvannsløv

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing

Tove Mette Arnø Fyllingen

avdelingsleiar

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914
Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
107/14	Kommunestyret	PS	27.11.2014

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/7431

Delegasjon av mynde til Bergen og Omland havnevesen (BOH)

Vedlegg:

Framtidig hamneorganisering for Lindås kommune KO sak 115-13

Rådmannen gjer slikt framlegg til vedtak:

- I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og havne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om havner og farvann av 17.04.2009 og bestemmelsar gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH), inntil vidare ut 2015
- Lindås kommune jobbar vidare saman med Fjell kommune for å sjå på ei alternativ organisering av hamnesamarbeid, jfr kommunestyrevedtak 115/13.

Kommunestyret - 107/14

KO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

- I medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og havne- og farvannslova §10, vert ansvar og mynde etter Lov om havner og farvann av 17.04.2009 og bestemmelsar gitt i medhald av lova, delegert til Bergen og Omland Havnevesen (BOH), inntil vidare ut 2015
- Lindås kommune jobbar vidare saman med Fjell kommune for å sjå på ei alternativ organisering av hamnesamarbeid, jfr kommunestyrevedtak 115/13.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Bergen og Omland Hamnevesen (BOH) har i mange år jobba med ei omorganisering av selskapet. Kommunane Lindås og Fjell har lenge vore kritisk til korleis prosessane i BOH har vore gjennomført, og frå 2012 har desse kommunane diskutert andre alternativ til hamneorganiseringa. I mai 2013 blei det lagt fram ei skisse til ny organisering av BOH og i september 2013 vedtok styret i BOH at dette var eit utgangspunkt for eit nytt hamnesamarbeid. På bakgrunn av denne avgjerda, blei det fatta eit vedtak i Lindås og Fjell i desember 2013, som seier noko om framtidig hamneorganisering for Lindås kommune:

Sak 115/13: Framtidig hamneorganisering for Lindås kommune

1. *Lindås kommune ønskjer ikkje å vere med i det nye hamnesamarbeidet som er planlagt som ei erstatning for noverande Bergen og Omland Havnevesen, jfr vedtak i styret i BOH 02.september 2013.*
2. *Kommunestyret ber dei politiske / administrative arbeidsgruppene og rådmannen om snarast mogleg å fremje ei sak for kommunestyret, om skiping av ein interkommunal hamneorganisasjon i samarbeid med Fjell kommune. Den nye saka skal klargjere tilrådd organisasjonsform, driftsgrunnlag og - oppbygging, vedtekter/ føremål, juridisk og økonomisk basis m.v, med siktemål å etablere ein ny organisasjon så snart dette let seg gjera.*
3. *Den nye organisasjonen skal også vere slik at den gjer det interessant og mogleg med deltaking frå andre kommunar som det er naturleg å samarbeida med, og som ønskjer å vere med i eit slikt samarbeide.*
4. *Fram til framtidig organisering er avklart, gjer Lindås kommune, inntil vidare og ut 2014, delegert ansvar og mynde til Bergen og omland Havnevesen (BOH), i medhald av kommunelova kap. 5 (interkommunalt samarbeid) og hamne- og farvannslova §10 etter Lov om havner og farvann av 17.04.2009 og bestemmelsar gitt i medhald av lova*

Vurdering:

Lindås og Fjell har i 2014 jobba vidare med alternativ organisering, jfr sak 115/13. Vedtaket seier at Lindås og Fjell ikkje vil vere med i ei organisering basert på den skissa som blei lagt fram i BOH sitt styre i september 2013. Det har vore ei forventning om at BOH skal sende denne skissa ut til politisk handsaming i alle eigarkommunar i løpet av våren 2014. Lindås og Fjell har difor venta med endeleg avklaring på eigen prosess fram til BOH har lagt fram forslag til organisering. Det har ikkje skjedd, prosessen i BOH er flytta fram i tid og det er signalisert at dei vil sjå på andre løysingar, som blir lagt fram i løpet av 2015.

Fram til organiseringa av BOH er avklart og til at Lindås kommune evt. har på plass ei ny organisering, må Lindås kommune delegere mynde og ansvar Lov om havner og farvann til Bergen og Omland hamnevesen, inntil vidare ut 2015.